

REFERAT FRÅ KLASSEFORELDREMØTET TIL 3. KLASSE,

ONSDAG 16.09.15

Til stades: 19 heimar var representerte. Astrid Myrtveit.

Nye vararepresentantar: Torill Myrtveit Fjeld og Kjersti Risa Marøy

Saker som vart tatt opp:

- Lærarar i klassen: *Astrid Marie* underviser i data og uteskule
Rut underviser i musikk
Astrid underviser i resten av faga
- Vurdering: Astrid vurderer elevane, og elevane vurderer seg sjølve, orden, oppførsel og korleis dei arbeider, kvar fredag. Astrid har elevsamtalar med elevane med (u)jamne mellomrom.
- Arbeidsro: var mykje betre i fjar enn det den er no. Det har vore og er framleis ei negativ utvikling.
- Læreverk: «*Tuba Luba 3*» i norsk. (Har bytta ut *Elle Melle*).
Lesebok, oppgåvehefte og arbeidshefte.
«*Multi 3*» i matematikk. Ei bok vert det gitt lekser i, den andre er skulearbeid.
«*Vi i verda 3*» i RLE. Ligg på skulen.
«*Cumulus 3*» i naturfag og samfunnsfag. Framover jobbar klassen med blomar, tre og dyr.
«*Stairs 3*» i engelsk. Det er eit stort hopp frå 2. til 3. klasse i engelsk. No skal dei lage og lese setningar på engelsk. Lekser i faget vil kome om ei stund.
- Andre fag: Symjing: Det vert symjing annankvar torsdag, noko som utgjer ca 15 undervisningstimar i symjing i 3. klasse. Effektiv badetid er ca 30 minutt. Kompetansemåla etter 4.klasse fortel at elevane då skal vere symjedyktige: Mål for opplæringa er at eleven skal kunne: "Vere svømmedyktig ved å falle uti på djupt vatn, svømme 100 meter på magen, og undervegs dykke ned og hente ein gjenstand med hendene, stoppe og kvile i 3 minutt (imens flyte på magen, orientere seg, rulle over, flyte på rygg); så svømme 100 meter på rygg og ta seg opp på land". (udir.no)

Oppfordringa frå skulen er difor: *Gå i bassenget med ungane dykkar!*

Gym: Elevane har gym i gymsalen, men er ute om det er ver til det. Astrid er åleine med elevane. Det er ikkje nok utstyr til at alle elevane

kan驱ra med same aktivitet, og difor har dei ulike aktivitetar som dei rullerer på i grupper. Elevane skal ikkje skifte/dusje før i 4.klasse, men det er berre til å ta med t-skjorte slik at dei kan bytte. Elevane kan gjerne ha joggebukse på når det er gym. Ha gjerne innesko, viss ikkje må dei gå berrføtt.

- *Lekser*: Astrid gjennomgår alltid leksene før elevane tar dei med heim. Ho ser at leksene vert følgde godt opp i heimane.
- *Testing*: I 3.klasse skal elevane testast i lesing, rekning og engelsk til våren.
- *Sosial kompetanse*: Zippy-time etter programmet «Zippys venner». Her arbeider klassen med tema om korleis me har det i livet; vennskap, utesettenging, vere åleine, misunning/sjalusi, forandringar i livet som flytting eller dødsfall, sorg, sakn og god kommunikasjon. Dei hører ei historie om eit tema, har ein samtale omkring denne med oppfølgingsspørsmål og dramatiserer temaet. Målet er at elevane sjølve skal lære å løyse konfliktar og situasjonar som oppstår.
- *Friminuttane*: Det er mykje bråk blant elevane ute i friminuttane, og av og til vert dette tatt med inn i klasserommet. Elevane må klare å kle av og på seg sjølv når det er friminutt, fordi Astrid svært ofte har inspeksjon.
- Det vil verta kalla inn til *foreldresamtalar* i oktober.

Oppe til diskusjon:

- Korleis få betre arbeidsro i klassen. Når Astrid hører elevar i leseleksa, vert det ofte uro blant dei andre. Forslag: la vere å høyre leksa. Ha god, gammal høgtlesing.
- Ressursar i klasserommet: Astrid er mange timer åleine i klassen. Ingen av elevane har store faglege utfordringar, og dermed utløyser det ikkje ekstra lærar-/assistentressursar. Det er 26 elevar i klassen, og det er vanskeleg for Astrid å sjå/høyre alle i løpet av ein skuledag når det vert uro og konfliktar blant elevane. Ein av konsekvensane har vore at elevar må jobbe ferdig med oppgåver i friminutt om dei ikkje gjer det dei skal i timane. Men Astrid ønskjer ikkje å kome med *truslar* for å få elevane til å jobba.
- Det er ein del intriger og konfliktar blant elevane i klassen. Blant jentene er dette ofte skjulte konfliktar som ikkje er lette å oppdage. Blant gutane har det vært meir ope med slag, spark og biting. Nokre konfliktar er *mellom trinna* (1. og 2. klasse) og ikkje *blant* gutane i klassen. Men det vert også brukt stygge ord, og dette skaper ikkje eit godt miljø. Det er observert at det diverre ofte er 3.-klassingar som provoserer andre elevar og set i gong trøbbel.

- Bussvakt: Det har vore døme på at elevane har fått spele på mobil når dei ventar på bussen. Ein lærling har ansvar for å følgje borna til bussen to dagar i veka. Dette tar Astrid opp med rettleiar/rektor/lærling.
- Foreldra ønskjer tilbakemelding frå Astrid om korleis klassetilhøva utviklar seg.

Referent: Stine Osa Karlsen

Her kjem første tilbakemelding: Dei som har vore på butikken mens dei venta på bussen, har sprunge frå vakten og gått dit utan lov.

Torsdag 17.09. har klassen hatt fleire periodar med god arbeidsro. Men det har også vore episodar der dei måtte skjerpa seg – både inne og ute.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Astrid".

